



KVISKRE

TIL ein stein

Barnehagekonferansen
Stavanger
28. mai 2008

Velkommen til Barnehagekonferansen 2008

– ein fagleg møtestad for barnehagefolk der utviklingstrekk og utfordringar for barnehagane blir presentert og drøfta.

KVISKRE TIL EIN STEIN

Kunst, kultur og kreativitet i barnehagen!

Barn skaper sin eigen kultur ut frå egne opplevingar. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk får barn mange høve til sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. (Rammeplan for barnehagen)

Barnehagekonferansen 2008 ønskjer å utfordre, undre, filosofere, engasjere og motivere rundt spørsmål som:

- kunst og kultur? Ja takk!
- kva for kunst og kultur vil du ha i barnehagen din?
- kva tyding har kunst og kultur i barnehagen?
- kva er det kulturelle uttrykksregisteret til barn?
- korleis kan vi utvikle og stimulere kunst og kulturopplevingar til barn?

Til å utfordre oss på desse spørsmåla har vi mellom anna med oss ein biletkunstnar, ein filosof, ein lege, to fotballspelarar, ein kunstpedagog, tre høgskulelektorar, ein førskolelærar og ein vernepleiar.

NB! TA MED DEG EIN STEIN!

Påmelding

For påmelding og meir informasjon, sjå nettsidene til Fylkesmannen i Rogaland; www.fylkesmannen.no/rogaland under Arrangement.

Påmeldingsfrist: 18. mai

Kursavgift: kr. 600,-

Enkel lunsj er inkludert

Stad: Universitetet i Stavanger,
– Arne Rettedals hus, rom G001



Fylkesmannen
i Rogaland



Universitetet
i Stavanger



UTDANNINGS
FORBUNDET

Program

- 09.00 **Utstilling, kaffi og drøs**
Bamsebu, Varatun, Trollberget og Lyefjell barnehage stiller ut og dokumenterer kulturarbeid
- 09.30 **Skansemyren ballklubb 1992–2014**
Eit leikent, filosofisk, teoretisk, humoristisk, alvorleg, dramatisk og forunderleg performanceforedrag.
Kurt Johannesen (biletkunstnar), Arne Instebø (lege) og Espen Storstrand (fotballspelar)
- 11.00 **Pause**
- 11.15 **Filosofi med små barn**
Foredrag *Steinar Bøyum (filosof)*
- 12.00 **Lunsj**
- 13.00 **Kviskre til ein stein**
Performanceleik
Grethe Bekkevold (førskolelærer og kunstpedagog)
- Toddlerdag**
Presentasjon av kulturarrangement for den som stabbar og går.
Elisabeth Rege (vernepleiar)
- Førskolelærer som kunstformidlar og kulturskapar**
Foredrag med eksemplar frå prosjektet Havfruemonster.
Biljana C. Fredriksen (høgskolelektor i forming)
- Treng vi kvalsong i førskolelærerutdanninga?**
Impulsar frå ei kunstfaglinje.
Kari Thorkildsen (høgskolelektor i drama) og Kari Gina Hodneland (høgskolelektor i musikk)
- 14.30 **Pause**
- 14.45 **Kurt, performanceleik, 91 plastikkender og sånt...**
Presentasjon av kunstprosjekt i Trollberget barnehage.
Grethe Bekkevold
- 15.30 **Den raude tråden**
Performanceleik
Grethe Bekkevold

Kurt Johannessen er biletkunstnar og fotballspelar på Skansemyren Ballklubb. Han arbeider aktivt for å få trampolinefotball som OL-gren. Performance, installasjon og bøker er hovudaktiviteten hans som biletkunstnar. Ei side ved kunstnaren sine eksperimentelle undersøkingar, er at skiljet mellom kvardagshendingar og det utrolege vert viska ut. Det daglegdagse blir fantastisk og det fantastiske daglegdags. Fantasi, leik, humor, alvor, poesi, filosofi, surrealisme og eksistensialisme er ord som kjenneteiknar kunstnarskapen hans.

Arne Instebø er lege og eks-fotballspelar på Skansemyren Ballklubb. I den seinare tid har han arbeidd stadig meir med eksperimentell hjernekirurgi. Han arbeider med å endre stua si til operasjonsstue. "Det er jo berre ein måte å leggje forhølda til rette for fleire aktivitetar", seier han. På akkurat det punktet møter han noko motstand frå kona Linda, elles ser alt ut til å gå Arne sin veg.

Espen Størstrand er fotballspelar på Skansemyren Ballklubb. Han kjøpte huset til Roald "Kniksen" Jensen, noko som heilt naturleg har ført til ei auka interesse for grasklipping. Han har etter kvart utvikla evna til å høyre graset gro, og han er oppfinnar av dei kjende "Grasøyreklokkene". Han arbeider i tillegg som undervisningsinspektør/lærar ved Kalvatræet.

Kari Gina Hodneland er høgskolelektor i musikk ved Høgskolen i Bergen sidan 1995. Ho er musikk lærer og songpedagog, utdanna ved Bergen Musikkonservatorium. Ho har også tidlegare arbeidd i grunnskole, vidaregåande skole, kulturskole og barnehage.

Kari Thorkildsen er høgskolelektor i drama ved Høgskolen i Bergen sidan 1994. Ho er også førskolelektor og har tidlegare arbeidd som pedagogisk leiari og styrar i barnehage i til saman tolv år. Ho har arbeidd i Barnas Hus og utvikla undervisningsprogram for barnehagar og skoler, og ho har også arbeidd som museumsformidlar.

Biljana C. Fredriksen er høgskolelektor i forming ved Høgskolen i Vestfold. Ho har i dei siste ti åra undervist på førskolelejarutdanninga, blant anna på den estetiske linja, inspirert av Reggio Emilia filosofien. Biljana har gjennomført ei rekke praksisrelaterte forskningsprosjekt i barnehagar, der ho har samarbeidd med barnehagepersonalet og delteke i prosjekt med barn.

Grethe Bekkevold er førskolelektor og kunstpedagog. Ho har arbeidd i barnehagar sidan "gamle dagar", ein gong på 80- talet. Ho har arbeidd som kunstformidlar på Rogaland Kunstmuseum og som høgskolelektor i drama ved Høgskolen i Stavanger. Ho har i løpet av si fartstid også produsert tre teaterframvisningar for barn. Nå for tida er hun ganske så engasjert i Tou Scene der ho er programansvarleg for Barn av Tou.

Steinar Bøyum er filosof, og tilsett som førsteamanuensis i pedagogikk ved Universitetet i Bergen. Han har skrivne fleire artiklar om filosofi i internasjonale tidsskrift. I tillegg har han halde ei rekke foredrag om filosofien sin plass i utdanning, skole og barnehage. Han er særleg oppteken av å utforske kva det er som eigentleg går føre seg når vi har filosofiske samtalar med barn, særleg små barn.

Elisabeth Rege er vernepleiar i Monsanut barnehage i Time kommune. Time kommune markerer kulturåret 2008 med ulike arrangement og eit mangfald som set spor. Elisabeth vil presentere Toddlerdag eit kulturarrangement for den som stabbar og går.